KONKURRANSEGRUNNLAG

Åpen anbudskonkurranse

etter forskriftens del I og del III

for anskaffelse av

Rammeavtale for medisinar og multidose til Sogndal

OPPDRAGSGIVER

Sogndal kommune

Ansvarlig anskaffer: Katrine Røkke Wilson (katrine.rokke.wilson@sogndal.kommune.no)

Generert automatisk i Hyyr 04.11.2026 15:23

Anskaffelsesoversikt

Hovedtype, estimert verdi, CPV-koder og utførelsessted fremgår under Konkurransedetaljer.

Kontraktsmal

Navn:	Rammeavtale legemiddel og multidose

Bakgrunn og formål

Gjennom denne anskaffinga ynskjer Sogndal kommune å inngå rammeavtale for levering av legemiddel, multidose og apotekervarer for bygda Sogndal. Bygdene Leikanger og Balestrand er allereie med på rammeavtale gjennom innkjøpssamarbeidet INSS. Medisin til heimebuande vert dekka av brukaren sjølv og er ikkje en del av den økonomiske ramma til avtalen. Kostnader ved pakking av multidose til heimebuande vert betalt av kommunen. Rammeavtalen dekker ikkje medisinsk forbruksmateriell, da kommunen har eigen rammeavtale for dette.

Skildring av kunde

Avtalen gjeld berre Sogndal i Sogndal kommune. All henvising vidare til "Sogndal" gjeld bygda Sogndal, ikkje kommunen som heilskap. Sogndal har ca 9000 innbyggjarar. Sogndal har ca 46 heildøgnsplassar institusjon, 300 brukarar av heimeteneste, 260 heimebuande som har medisin administrert av kommunen, 165 brukarar med multidose.

Prosedyre

Åpen anbudskonkurranse

Alle interesserte leverandører kan levere tilbud gjennom Hyyr. Konkurransen har ingen prekvalifiseringsfase. Tilbudene evalueres direkte, og det er ikke adgang til dialog eller forhandlinger utover mindre avklaringer og korrigeringer av tilbudene.

Leverandøren oppfordres på det sterkeste til å følge de anvisninger som gis i dette konkurransegrunnlaget med vedlegg og eventuelt stille spørsmål ved uklarheter i kommunikasjonsmodulen i Hyyr.

Offentleglova og taushetsplikt

For allmennhetens innsyn i dokumenter knyttet til en offentlig anskaffelse gjelder offentleglova. Oppdragsgiver og dennes ansatte plikter å hindre at andre får adgang eller kjennskap til opplysninger om tekniske innretninger og fremgangsmåter eller drifts- og forretningsforhold det vil være av konkurransemessig betydning å hemmeligholde, jf. forvaltningsloven § 13.

Forbehold og avvik

Frem til signering av kontrakten kan oppdragsgiver foreta endringer i konkurransegrunnlaget som ikke er vesentlige. Vesentlige endringer håndteres etter gjeldende regler om kunngjøring og frister.

Tilbud med vesentlige forbehold eller avvik fra konkurransegrunnlaget skal avvises. Oppdragsgiver kan også avvise tilbud med forbehold, avvik eller uklarheter som ikke er ubetydelige.

Oppdatering og tilleggsopplysninger

Eventuelle rettelser, suppleringer eller endringer av konkurransegrunnlaget, samt spørsmål til konkurransen med svar i anonymisert form, vil bli formidlet til alle leverandører som har registrert sin interesse for anskaffelsen i Hyyr. Dersom leverandøren finner at konkurransegrunnlaget ikke gir tilstrekkelig veiledning, eller er uklart, kan leverandøren be om tilleggsopplysninger via Hyyr. Dersom det oppdages feil i konkurransegrunnlaget, bes det om at dette formidles til oppdragsgiver via Hyyr.

Reglene for kommunikasjon

All kommunikasjon med oppdragsgiver skal skje elektronisk og skriftlig via Hyyr (oppdragsgivers konkurransegjennomføringsverktøy). Dette gjelder også spørsmål og svar.

Juridisk ramme

Anskaffelsen gjennomføres i henhold til lov om offentlige anskaffelser (LOA) og anskaffelsesforskriften (FOA) del I og III.

Kostnader ved utarbeidelse av tilbud

Eventuelle kostnader leverandøren har ved utarbeidelse av tilbudet dekkes av leverandøren selv. Oppdragsgiver refunderer ikke kostnader knyttet til utarbeidelse eller innlevering av tilbud.

Deltilbud

Anskaffelsen er ikke delt i delkontrakter. Det er ikke adgang til deltilbud.

Alternative tilbud

Det er ikke tillatt å levere alternative tilbud.

Parallelle tilbud

Det er ikke tillatt å levere parallelle tilbud. Hver leverandør kan ha ett gjeldende tilbud per delkontrakt.

Forretningshemmeligheter og sladding

Oppdragsgiver behandler innsynsbegjæringer etter offentleglova og forvaltningsloven. Leverandøren kan bli bedt om å levere en sladdet versjon av tilbudet dersom det fremsettes innsynskrav.

Behandling av personopplysninger

Personopplysninger som inngår i tilbudet behandles av oppdragsgiver for å gjennomføre anskaffelsen, evaluere tilbud og følge opp kontrakt. Behandlingen skjer i tråd med personvernregelverket. Leverandøren er ansvarlig for at personopplysninger i tilbudet er lovlig innhentet og nødvendige for tilbudet.

Deltakelse fra ansatte hos oppdragsgiver

Ansatte hos oppdragsgiver eller andre som deltar i forberedelsen eller gjennomføringen av anskaffelsen, kan ikke delta på leverandørsiden i konkurransen på en måte som kan svekke tilliten til at konkurransen gjennomføres på en rettferdig måte. Spørsmål om habilitet avklares med oppdragsgiver via Hyyr.

Oppdragsgiver

Sogndal kommune

Org.nr: 922121893

Riverdalen 5, 6863, Leikanger

Ansvarlig anskaffer

Katrine Røkke Wilson

E-post: katrine.rokke.wilson@sogndal.kommune.no

Telefon: 57652558

Konkurransedetaljer

Anskaffelsesdel:	Del III-anskaffelse - Over EØS-terskelverdi	Utførelsessted:	Riverdalen 5, Leikanger, NOR
Hovedtype:	Varer		
Estimert verdi:	5 200 000 NOK		
Maks verdi rammeavtale:	6 000 000 NOK		

CPV-koder:

- 33600000 - Farmasøytiske produkter (Hoved)
- 33680000 - Farmasøytiske artikler
- 33697000 - Medisinske preparater med unntak av forbruksartikler for tannhelse.
- 33000000 - Medisinsk utstyr, legemidler og utstyr til personlig pleie
- 33690000 - Diverse legemidler

Varighet:

Oppstart:	12. desember 2026
Slutt:	12. desember 2028
Varighet:	2 år og 1 dag
Opsjoner:	1 + 1 år
Total mulig varighet:	4 år (2+1+1)
Tilleggsinformasjon:	Avtalen vert forlenga automatisk med mindre oppdragsgjevar seier opp avtalen 3 månader før avtale

Tidsfrister:

Frist for å stille spørsmål:	2. desember 2026, 12:00
Tilbudsfrist:	9. desember 2026, 12:00
Tildeling:	23. desember 2026, 12:00
Karensperiode: Fra utsendelse av tildelingsbeslutning	10 dager
Vedståelsesfrist:	60 dager

Rammeavtaleinnstillinger:

Maksimal verdi:	6 000 000 NOK
Maksimalt antall leverandører:	1

Kvalifikasjonskrav:

ESPD (Europeisk egenerklæringsskjema) er aktivert for denne konkurransen.

Aktiverte avvisningsgrunner:

A: AVVISNINGSGRUNNER SOM GJELDER STRAFFEDOMMER

- Deltakelse i kriminell organisasjon
- Korrupsjon
- Bedrageri
- Terrorhandlinger eller lovbrudd knyttet til terrorvirksomhet
- Hvitvasking eller terrorfinansiering
- Barnearbeid og andre former for menneskehandel

B: AVVISNINGSGRUNNER SOM GJELDER BETALING AV SKATTER, AVGIFTER OG TRYGDEAVGIFTER

- Betaling av skatter og avgifter
- Betaling av trygdeavgifter

C: AVVISNINGSGRUNNER SOM GJELDER INSOLVENS, INTERESSEKONFLIKTER ELLER ALVORLIGE FEIL I YRKE-SUTØVELSEN

- Interessekonflikt grunnet deltakelse i anskaffelsesprosedyren
- Direkte eller indirekte involvering i forberedelsen av denne anskaffelsen

D: ANDRE AVVISNINGSGRUNNER SOM ER FASTSATT I DEN NASJONALE LOVGIVNINGEN I OPPDRAGSGIVERENS MEDLEMSSTAT

- Vedtatt forelegg for staffbare forhold
- Alvorlige feil som medfører tvil om hans yrkesmessige integritet

Nr.	Krav
1	**Skatteattest**
Leverandøren skal fremlegge skatteattest som bekrefter at skatter og avgifter er betalt. Verifiseres automatisk via eBevis (krever samtykke i Altinn).	
2	**Firmaattest**
Firmaattest fra Foretaksregisteret som bekrefter registrering, signaturrett og prokura. Hentes automatisk via eBevis.	

3 **Leverandørens sin økonomisk og finansiell kapasitet**

Filopplasting tillatt

Krav:
Det vert kravd at leverandøren har økonomisk evne til å gjennomføre oppdraget. Minimumskrav er at leverandøren er kredittverdig, med kredittverdig menes:

Score på tilfredsstillande eller betre på minst to av kriteria soliditet, likviditet og lønnsomhet.

Dokumentasjonskrav:
Oppdragsgjevar vil evaluere på bakgrunn av rekneskapstal og nøkkeltal registrert i Proff Forvalt. For leverandørar som ikkje oppfyller krava ovanfor kan ein levere annen dokumentasjon som syner at tilbydar er kredittverdig.

4 **Miljøleiingssystem**

Filopplasting tillatt

Leverandøren skal ha eit verksamt miljøleiingssystem.

Dokumentasjonskrav
Leverandør skal dokumentere kva miljøleiingssystem
verksemda nyttar og korleis dette vil påverke leveransen etter denne anskaffinga. Dersom leverandøren har sertifisering gjennom offentleg kjende ordningar som Miljøfyrtårn, ISO 14001 eller liknande, skal kopi av gyldig sertifikat leggast ved tilbodet. Alternativt skal leverandør legge ved eigenerklæring som syner miljøleiingssystemet si oppbygging og verkeområde.

5 **Kvalitetssystem**

Filopplasting tillatt

Leverandøren skal ha et verksamt kvalitetssystem svarande til krava som følgjer av internkontroll-forskrifta.

Dokumentasjonskrav:
Leverandør skal dokumentere kva kvalitsetsystem verksemda nyttar og korleis dette sikrar mot feil i leveransen etter denne anskaffinga. Dersom leverandøren har sertifisering gjennom offentleg kjende ordningar (ISO eller liknande), skal kopi av gyldig sertifikat leggast ved tilbodet. Alternativt skal leverandør legge ved eigenerklæring som syner kvalitetsystemet si oppbygging og verkeområde.

6 **Erfaring**

Filopplasting tillatt

Det vert kravd at leverandøren har erfaring med liknande leveransar. Med liknande meinast ram-meavtale eller kontrakt for levering av legemiddel og pakking/levering av multidose til kommunar, innkjøpssamarbeid, helseføretak eller andre verksemder med tilsvarande kompleksitet.

Dokumentasjonskrav:
Det skal leggast ved referanseliste for inntil 3 relevante liknande oppdrag dei siste 5 åra. Dersom leverandøren har færre enn 3 slike oppdrag, kan kravet likevel vere oppfylt dersom dokumentasjonen samla viser tilstrekkeleg relevant erfaring og kapasitet.

Tildelingskriterier:

Evalueringsmetode: Fastsatt vekting per kriterium

Prisberegningsmetode: Forholdsmessig (DFØ)

Formel:

```
r = r_max × p_min / p
```

Hvor p_min = laveste tilbudte pris (Pb), p = evaluert pris (Pe), r_max = maksimalt antall poeng. Poengsummen blir ikke negativ.

Miljøkriterier: Definer i kravspesifikasjonen

Begrunnelse for klima- og miljøhåndtering: Oppdragsgiver vurderer at klima- og miljøhensyn i denne anskaffelsen best ivaretas gjennom obligatoriske krav i kravspesifikasjonen og kontraktsvilkår, fremfor som et vektet tildelingskriterium. Anskaffelsens vesentligste miljøpåvirkning er særlig knyttet til transport, haste- og ekstraleveranser, emballasje/transportkasser, returordninger og håndtering av legemidler til destruksjon.

Oppdragsgiver vurderer at absolutte krav rettet mot disse forholdene vil gi bedre og mer forutsigbar klima- og miljøeffekt enn en skjønnsmessig evaluering av leverandørenes beskrivelser. Kravene blir bindende for leverandøren i hele kontraktsperioden, og kan følges opp gjennom rapportering og kontraktsoppfølging.

Klima- og miljøhensyn evalueres derfor ikke som eget tildelingskriterium. Hensynene er i stedet ivaretatt gjennom obligatoriske klima- og miljøkrav i kravspesifikasjonen og tilhørende kontraktsvilkår, jf. anskaffelsesforskriften § 7-9 fjerde ledd.

Kriterie	Type	Vekt	Beskrivelse
Pris	Pris	70%	Under dette kriteriet vurderes tilknyttet priselement.
Kvalitet	Kvalitet	30%	Under dette kriteriet vurderes tilknyttede krav.

Priselementer

Nr.	Priselement	Svarform	I evalueringen	Beskrivelse
P.1	Excel-prisskjema	Excel-prisskje-ma	Ja	Prisane skal gjevast opp i NOK eksklusive mva. og inkludere samtlege kostnader tilbyder vil ha for å oppfylle kontrakten. Det er ikkje anledning til å fakturere em-ballasje, transport, leveringskost-nader, ekspedisjonsgebyr, fak-tureringsgebyr, toll, skattar og avgifter o.l. Alle varelinjer/prisfelt i prisskjema må fylles ut. Prisane på legemidlar skal basere seg på apotekenes mak-simale utsalgspris (AUP) pr. 1. oktober 2026. Alle tilbodne rabattsatsar skal være faste i heile avtaleperioda. Prisane på pakking av multi-dose skal inkludere alle kost-nader, pakking og all admin-istrering av ordninga samt alle gebyr utover sjølve pakkekost-naden, dette gjeld også endrings- og oppstarts-gebyr. Det skal ikkje tilkomme ekstra gebyr/pris på hasteleveringar, jamfør punkt 7.2.6

Kravspesifikasjon:

1. Generelle krav

Nr.	Krav	Type
1.1	**Leverandøren må oppfylle alle krav som gjeld levering av legemiddel, vere ein totalleverandør av legemiddel til oppdragsgjevar, og ha fullsortiment iht. § 26 om forhandlingsplikt i FOR 2001-02-26 nr. 178: Forskrift om apotek (apotekforskrifta).**	Må-krav
1.2	**Produkt skal tilfredsstille dei kvalitetskrav som er fastsette i norsk medisinallov-giving. Produkt skal tilfredsstille alle gjeldande krav til framstillingsmåte og funksjon, og samsvare med den til kvar tid gjeldande felleskatalogen for legemid-del.**	Må-krav
1.3	**Minimum haldbarheit på alle legemiddel skal vere 12 månader.**	Må-krav

	Kortare haldbarheitstid er berre akseptabelt dersom dette skuldast forhold ved legemidla, eller dersom særskilte omsyn ligg føre og bestillar er informert om det. Kortare haldbarheit skal merkjast tydeleg på pakningane. Alle legemiddel skal vere merkte med korleis dei skal oppbevarast (kjøleskap, temperatur, tørt osv.).	
1.4	**Leverandøren skal informere alle relevante einingar i kommunen både når det blir marknadsført nye aktuelle legemiddel, når legemiddel går ut av handelen, og om andre relevante nyheiter.**	Må-krav
1.5	**Som del av leveransen skal forskriftsmessig emballasje inngå, også medisinkasser/transportkasser med forsegling. Leverandør er ansvarleg for både levering og retur av kassene. Nødvendige strips eller liknande til forsegling ved retur av legemiddel skal alltid liggje i medisinkassa.**	Må-krav
1.6	**Leverandør skal stille til disposisjon eigen destruksjonseske (med innlegg) av papp til kassasjon av legemiddel, samt restmedisinbehaldar for kassasjon av legemiddel frå dosett, ved førespurnad frå brukarstadane. Dette skal gjerast kostnadsfritt.**	Må-krav
1.7	**Det skal vere fagleg kompetente kontaktpersonar tilgjengelege frå 09.00 til 16.00 på kvardagar til å svare på telefoniske førespurnader ved behov for rettleiing og brukarstøtte. All brukarstøtte skal skje på norsk.**	Må-krav

2. Krav til ordinasjonskortet

Nr.	Krav	Type
2.1	**Generelt om ordinasjonskort** Oppdragsgjevar bruker ordinasjonskortet for all ordinert medisinering per brukar, og legg vekt på at ordinasjonskortet er lettlest, oversiktleg og inneheld all nødvendig informasjon.	Må-krav
2.2	**Ordinasjonskortet skal innehalde system for identifisering av det enkelte legemiddel, cave, indikasjonar og informasjon om legemidla kan knusast eller delast.**	Må-krav
2.3	**Leverandøren har ansvar for å oppdatere ordinasjonskortet ved endringar.**	Må-krav
2.4	**Leverandøren av multidose skal administrere fornying av ordinasjonskort mot aktuelle fastlegar, årleg, for heimebuande brukarar.**	Må-krav
2.5	**Leverandøren må implementere nye elektroniske løysingar så snart desse er godkjende nasjonalt.**	Må-krav

3. Krav til levering av multidose

Nr.	Krav	Type
3.1	**Hyppigheit levering** I dag er rutinar og praksis leveranse at det leverast multidose for 14 dagar, men at brukarane er fordelt på ulike veker, slik at det vert leveranse av multidose til kommunen ein gong i veka. Tilbydar stadfestar at dette kan leverast.	Må-krav
3.2	**Ved kvar multidoselevering skal det følgje med leveringsrapport/ordresetel som minimum inneheld namn på brukar, legemiddel, kostnad, pakkeperiode, tal døgn leveransen gjeld for, og opplysning om brukaren er e-dose-pasient der dette er relevant. Leveringsrapporten/ordresetelen skal enkelt kunne knytast opp mot faktura.**	Må-krav
3.3	**Ved kvar multidoselevering skal namneliste, personnummer og oppstartstid-spunkt følgje leveransen.**	Må-krav
3.4	**Det skal følgje med oppdaterte ordinasjonskort ved første multidoselevering, deretter ved kvar endring av medisinering.**	Må-krav
3.5	**Dersom ordinær levering fell på ein heilagdag, skal leveringa skje minimum to virkedagar før den aktuelle heilagdagen.**	Må-krav
3.6	**Ved kvar multidoselevering skal det følgje med ein eigen endringsrapport (i tillegg til ordinasjonskortet) pr. brukar som skildrar dei endringane og eventuelle gener-iske byta som er gjorde sidan førre multidoseleveranse.** Tilbydar skal skildre sine aktuelle kontrollrutinar.	Må-krav
3.7	**Kontroll av ordinasjonskortet** Tilbydar skal skildre sine kontrollrutinar.	Må-krav
3.8	**Leverandøren har ansvar for å levere multidosane ferdig kontrollerte.** Tilbydar skal skildre sine kontrollrutinar	Må-krav
3.9	**Leverandøren skal ha gode kontrollrutinar frå bestilling til levering av multidose.**	Må-krav
3.10	**Merking av multidosar må vere tydeleg og i tråd med gjeldande regelverk. For-pakningane må vere enkle å rive frå kvarandre slik at ein ikkje øydelegg neste forpakning.**	Må-krav
3.11	**Den einskilde kunde skal ha rapport pr. månad over multidosebrukarar som blir brukt til å søkje refusjon hos Helfo, som viser alle eksisterande brukarane og der nye brukarar er markerte.**	Må-krav
3.12	**Multidoserullar og multidoseposar skal vere utforma, merka og pakka på ein måte som gjer dei eigna for bruk i vanlege medisindispensarar som nyttar multidose, så langt dette er mogleg innanfor gjeldande regelverk og krav til legemiddeltryggleik. Leveransen skal ikkje unødvendig avgrense kommunen sin bruk av medisindis-pensarar frå ulike leverandørar.**	Må-krav

4. Krav til fakturering av legemiddel og multidose

Nr.	Krav	Type
4.1	**Pakking av multidose skal fakturerast kvar bestillande eining og sendast til sentral fakturaadresse i kommunen. Legemidla skal fakturerast pasienten direkte via apoteket utan nokon form for gebyr. Faktura skal inkludere referanse til pasient.**	Må-krav
4.2	**Faktura skal minst innehalde følgjande felt: namn på bestillar, oversikt over kostnadene og leverandøren sin referanse (vedkomande som behandla ordren på apoteket).**	Må-krav
4.3	**Fakturafelt skal samsvare med følgjesetelen slik at fakturakontrollen er enkel å utføre.**	Må-krav

5. Krav til rapportar

Nr.	Krav	Type
5.1	**Rapportar til oppdragsgjevar** Leverandør skal på førespurnad kunne levere bruksrapport til Sogndal kommune. Rapporten skal omfatte statistikk samla og pr. leveringsstad, med forbruk av legemiddel (varenummer, varenamn, ATC-nummer, eining, legemiddelform, antal, pris og utfakturert), forbruk av pakking av multidose (antal pasientar, frekvens, avvik og andre endringar), oversikt over hasteleveransar, og statistikken skal vere slik at oppdragsgjevar enkelt kan aggregere prisar, forbruk osv. Rapport skal sendast oppdragsgjevar sin kontaktperson på førespurnad. Rapporten skal kunne leverast i Excel-format	Må-krav
5.2	**Månadlege rapportar til institusjonane skal leverast.** Rapporten skal omfatte forbruk av A-preparat (varenummer, varenamn, ATC-nummer, eining, legemiddelform, antal), forbruk av B-preparat (varenummer, varenamn, ATC-nummer, eining, legemiddelform, antal), og ei skjematisk oversikt over utviklinga av forbruk av A- og B-preparat. Rapportar på forbruk av andre spesifiserte medisinar skal kunne bestillast dersom kunde eller oppdragsgjevar finn grunn til dette. Rapporten skal leverast i Excel-format	Må-krav

6. Bestilling og levering

Nr.	Krav	Type
6.1	**Tilbodet skal innehalde ei skildring av dei bestillingskanalane som er tilgjengelege for oppdragsgjevar sine kundar, til dømes nettbutikk, skjema eller andre elektroniske løysingar.**	Kvalitet

	Skildringa skal innehalde lenkje til demonstrasjon, vising eller annan dokumentasjon av den tilbodne løysinga. Leverandøren skal vidare skildre korleis ei ordinær bestilling blir gjennomført i praksis, inkludert nødvendige brukarsteg, arbeidsflyt og oppgåver for dei ulike rollene/einingane hjå kunden (minimum sjukeheim og heimesjukepleie/heimebuande) og leverandøren. Det vil bli lagt vekt på kor brukarvennleg, effektiv og trygg bestillingsløysinga er for kunden.	
6.2	**Kontroll av bestilling** Leverandør skal seie frå når det er openbare feil i bestillinga, slik at oppdragsgjevar kan endre på bestillinga.	Må-krav
6.3	**Leverandøren skal alltid foreslå og levere rimelegaste synonymprodukt eller generisk produkt, dersom legen ikkje har reservert pasienten mot dette. Kundane skal haldast jamleg oppdaterte om generiske medikament.**	Må-krav
6.4	**Kunden skal ha tilbod om éin fast hovudleveranse per veke og éin supplerande leveranse per veke per verksemd/kunde/leveringsstad.** Med supplerande leveranse meiner ein ei planlagd eller behovsstyrt tilleggsleveranse innanfor ordinær levering, for bestillingar eller endringar som ikkje kan vente til neste hovudleveranse, men som ikkje er hasteleveranse. Hovudleveranse og supplerande leveranse skal vere inkluderte i dei tilbydde prisane. Leverandøren kan ikkje fakturere særskilt gebyr, transportkostnad, ekspedisjonsgebyr eller liknande for slike leveransar. Kostnad for sjølve legemidla/multidose blir fakturert etter dei ordinære faktureringsreglane i avtalen. Hovudleveranse skal skje éin gong per veke per verksemd/kunde/leveringsstad. Oversikt over leveringsstader med adresser mv. blir etablert i samarbeid med leverandør umiddelbart etter avtaleinngåing. Leverandøren skal avtale faste leveringsdagar for hovudleveranse og eventuell supplerande leveranse med kvar verksemd i innkøyringsfasen. Faste leveringsdagar skal tilpassast dei ønska og behov som ligg hjå kunden, så langt dette er praktisk mogleg. Kunden sin frist for bestilling til hovudleveranse/suppleringsleveranse skal vere kl. 14.00 to verkedagar før leveransen, og levering skal skje innan kl. 14.00 på avtalt leveringsdag.	Må-krav
6.5	**Hasteleveransar** Oppdragsgjevar skal kostnadsfritt kunne bestille hasteleveransar før kl 15 med levering same dag. Det skal leggjast til rette for anten levering til kommunal adresse i Sogndal, eventuelt ein annan stad i Sogndal der representant for oppdragsgjevar kan hente varene.	Må-krav
6.6	**Leverandøren skal gjere greie for korleis hastebestillingar og hasteleveransar blir handterte, inkludert bestillingsmåte, kontaktpunkt, leveringsmåte, eventuelle hentepunkt eller lokale utleveringsløysingar .**	Kvalitet
6.7	**Ved leveringsproblem skal bestillar informerast umiddelbart og det skal avtalast alternativ leveringstid eller synonymprodukt/alternativt produkt.**	Må-krav

	Dersom leverandøren ikkje kan skaffe produkt/alternativ produkt innan rimeleg tid, kan kunde kjøpe dette hos anna leverandør. Tilbydar skal skildre korleis bestillar vert informert.	
6.8	**Legemiddel skal leverast i forsegla kasser, som leverandøren tek med i retur ved neste levering.**	Må-krav
6.9	**Forsvarleg transport** Leveransar av legemiddel, multidose og tilhøyrande varer skal gjennomførast med transportløysing, utstyr og personell som er eigna for denne typen leveransar. Leverandøren skal sikre forsvarleg handtering, sporbarheit, tryggleik og nødvendig temperaturkontroll. Kravet gjeld både faste leveransar, supplerande leveransar og hastebestillingar. Personell som handterer og transporterer leveransar etter avtalen, skal ha nødvendig opplæring og kompetanse. Leveransar skal ikkje gjennomførast som uformell transport utanfor leverandøren sine etablerte rutinar for legemiddelleveransar.	Må-krav
6.10	**Faste bestillingar til heimebuande utanom multidose** Der det er mogleg skal leverandør rekne ut kor mykje dei skal sende ut av kvar vare basert på dosering gitt i ordinasjonskort.	Må-krav
6.11	**Historikk faste bestillingar** Det bør komme fram historikk til faste bestillingar i bestillingssystemet. Tilbydar skal skildre korleis dette eventuelt visast.	Kvalitet

7. Medisinutlevering, rutine for avbestilling og retur

Nr.	Krav	Type
7.1	**Leverandøren skal ha system for å sjekke ID hjå dei som hentar medisin/utstyr.**	Må-krav
7.2	**Leverandøren må ha eit system som sikrar at bestillar/kunde slepp å stå i kø ved utlevering.**	Må-krav
7.3	**Leverandør bør ha eit system der bestillar/kunde ikkje må sitte i telefonkø dersom det er behov for kontakt.**	Kvalitet
7.4	**I enkelte tilfelle kan kunden ha behov for å avbestille ein ordre før levering har funne stad. Avbestilling skal kunne gjerast kostnadsfritt fram til leverandøren har starta plukking eller annan konkret klargjering av ordren.**	Må-krav
7.5	**Ubrotne forpakningar, som berre har vore i kommunen/kunden sitt medisinrom, skal kunne returnerast utan ekstra kostnader for oppdragsgjevar.**	Må-krav
7.6	**Leverandøren skal levere forseglingsutstyr til alle oppdragsgjevar sine verksemder som har behov for dette.**	Må-krav

7.7	**Leverandøren skal ha rutinar for mottak, retur og destruksjon av kasserte legemiddel. Rutinane skal sikre forsvarleg oppbevaring, handtering, transport og destruksjon i samsvar med gjeldande regelverk.**	Må-krav
7.8	**Leverandøren skal kontakte kunden utan ugrunna opphald dersom det er uklarheiter knytte til ei bestilling, til dømes om pakningsstorleik, legemiddel, styrke, dosering eller andre forhold som kan påverke korrekt levering.**	Må-krav

8. Utvikling og innovasjon

Nr.	Krav	Type
8.1	**Leverandøren skal skildre om dei tilbyr løysingar for integrasjon eller elektronisk samhandling med ulike EPJ-system for oppfølging av pasientar og legemiddelhandtering, og korleis dette eventuelt kan gjennomførast i praksis.** Kravet blir vurdert ut frå omfang, modenheit og praktisk gjennomføring av integrasjon eller elektronisk samhandling.	Kvalitet

9. Klima og miljøkrav

Nr.	Krav	Type
9.1	**Leverandøren skal gjennomføre leveransen på ein måte som reduserer unødvendig transport, emballasjebruk og avfall, utan at dette går ut over legemiddeltryggleik, leveringssikkerheit, temperaturkrav eller andre krav i avtalen.**	Må-krav
9.2	**Leverandøren skal planleggje faste ordinære leveransar slik at legemiddel, multidose, retur av transportkasser/medisinkasser, retur av emballasje og retur av legemiddel til destruksjon så langt som mogleg blir samordna i same transportløp.**	Må-krav
9.3	**Vald leverandør skal innan oppstart av avtalen etablere ein leveringsplan for faste leveransar til kommunane/leveringsstadene. Leveringsplanen skal ta omsyn til at kommunane ligg i distriktsområde med lange avstandar, og skal utformast slik at unødvendige ekstraturar blir avgrensa.**	Må-krav
9.4	**Hasteleveransar og ekstraleveransar skal berre nyttast der dette er nødvendig av omsyn til pasient, tenesteutøving eller leveringssikkerheit. Leverandøren skal føre oversikt over haste- og ekstraleveransar med dato, kommune/leveringsstad og årsak.**	Må-krav
9.5	**Køyretøy som blir nytta til faste, planlagde leveransar under avtalen skal minimum oppfylle Euro 6/VI eller tilsvarande utsleppsstandard. Kravet gjeld også der leverandøren nyttar underleverandør eller transportør.**	Må-krav
9.6		Må-krav

	Tomgangskøyring ved oppdragsgjevar sine leveringsstader skal ikkje førekomme, med mindre det er nødvendig av omsyn til temperaturkontroll, tryggleik, last-ing/lossing eller andre saklege forhold.	
9.7	**Legemiddel skal leverast i gjenbrukbare og forseglede transportkasser/me-disinkasser der dette er eigna. Leverandøren skal ta kassene i retur ved seinare levering, med mindre anna er avtalt med den enkelte kunden.**	Må-krav
9.8	**Leverandøren skal avgrense bruk av eingongsemballasje og fyllmateriale til det som er nødvendig for å ivareta legemiddeltryggleik, hygiene, temperaturkrav, sporbarheit og sikker transport.**	Må-krav
9.9	**Emballasje som blir nytta i leveransen skal vere eigna for kjeldesortering eller gjenbruk, med mindre krav til legemiddeltryggleik, hygiene, temperatur eller regelverk tilseier anna.**	Må-krav
9.10	**Leverandøren skal sørgje for at kjøleelement, termokasser eller tilsvarande embal-lasje som blir nytta ved temperaturregulerte leveransar, så langt som mogleg blir gjenbrukt.**	Må-krav
9.11	**Leverandøren skal ha ordning for mottak og vidare handtering av legemiddel til destruksjon. Retur av legemiddel til destruksjon skal så langt som mogleg samordnast med ordinære leveransar.**	Må-krav
9.12	**Bestilling, ordrestadfesting, fakturagrunnlag, rapportering og avviksmeldingar skal som hovudregel handterast digitalt. Papir skal berre nyttast der dette er nød-vendig av omsyn til pasienttryggleik, legemiddeltryggleik, regelverk eller lokale rutinar hos kunde.**	Må-krav
9.13	**Leverandøren skal på førespurnad levere miljørapport til oppdragsgjevar. Rap-porten skal minst innehalde tal på leveransar, haste-/ekstraleveransar, hovudtypar transportløysing, tiltak for samordning av transport, tiltak for reduksjon av embal-lasje og tiltak for retur/destruksjon. Rapporten skal leverast i Excel-format.**	Må-krav

10. Opplæring og kundeoppfølging

Nr.	Krav	Type
10.1	**Kurs** Det er ein fordel om leverandør kan tilby kurs i legemiddelhandtering. Tilbydar skal skildre sitt pristilbod	Kvalitet
10.2	**Kundeoppfølging** Leverandør skal skildre sin kundeoppfølging på eit meir overordna nivå. Tilbydar skal gi opp ein sentral ansvarleg for avtalen, CAM, distriktsansvarleg eller tilsvarande	Kvalitet

Innleveringsvilkår:

Elektronisk innlevering:	Påkrevd
Elektronisk signering:	Ikke spesifisert
Tillatte språk:	Norsk

Vedlegg:

- Bilag 1: Prisskjema.xlsx